

Emnerapport 2015, haust

Emnekode og navn:

NOLISP302 Nordisk: Prosjektutvikling (5 stp)

NOLISP303 Nordisk: Individuelt særemne (10 stp)

Emna blir normalt tatt i kombinasjon.

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Individuell rettleiing på NOLISP303.

Faglærarane på NOLISP302 møter studentane berre to gonger før prosjektet skal presenterast, og det er for lite til at ein kan halde oversikt over kva behov studentane har.

Strykprosent og frafall, karakterfordeling: 8 studentar. Ikkje noko fråfall. Ingen stryk på NOLISP302. 1 kandidat = 13 % stryk på NOLISP303.

	A	B	C	D	E	F
NOLISP302	1	1	4	2	0	0
NOLISP303	0	2	3	1	1	1

Studieinformasjon: Tilfredsstillande.

Tilgang til relevant litteratur: God på NOLISP302. Pensumlistene på NOLISP303 er utarbeidde av studentane i samråd med rettleiarane.

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Det vart ikkje gjennomført evaluering.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:

Emna ser i all hovudsak til å fylle funksjonen sin som støtte til kvarandre og førebuing til masteroppgåva.

Dei ulike faglærarane som har vore involverte, er jamt over godt fornøgde med ordninga. Det blir sett på som positivt at det blir etablert god kontakt mellom rettleiar og student før arbeidet med masteroppgåva skal begynne.

Det er litt for mykje «styr» med vurdering og sensur på emna NOLISP302 og -303: individuelle kommisjonar der rettleiar dels sensurerer saman med faglærar på NOLISP302, dels med ekstern sensor på NOLISP303. Det er òg ein forholdsvis stor jobb å flette saman eksamenssettet på NOLISP303, der det heller ikkje er nokon emneansvarleg som blir kompensert for å gjere det.

Oppmoding til fagkoordinatorane: La dei same kommisjonane sensurere både NOLISP302 og -303. Det blir framleis ein del logistikk med individuelle oppgåver og kommisjonar, men halvparten av det vi har hatt.

Oppmoding til programstyret: Diskuter samanslåing av NOLISP302 og -303 til eitt emne. Den skriftlege eksamenen kan til dømes erstattast av éi eller to heimeoppgåver som inngår saman med prosjektskissa i ei mappe. (Obs.: Frå våren 2018 skal lektorstudentane i staden for NOLISP303 ta NOLISP303-L Individuelt særemne på 5 stp, så ei eventuell samanslåing der vil gi eit emne på 10 stp.)